

# Sunde og Sundlien

med Skogstad og Granli



Av Knut Raastad, oktober 2022



*Sunde. Foto frå Bjørn Valde Aasheim, Vågå historielags fotoarkiv*

## Sunde nordgard, gnr. 141, bnr. 1

Koppskatten 1645 nemner Jon Sunde og hans hustru. Manntalet 1666 viser at brukaren av Sunde 3 huder var Jon Gulbrandsen f.ca.1591, matrikkelen 1668 viser også Jon som brukar og at eigaren var Jacob Knudsen. Jon Gulbrandsen hadde 2 sønner:

Gulbrand f.ca.1642

Johannes f.ca.1650

Jacob Knudsen var sorenskrivar frå 1662 til 1688, han kjøpte Sunde ca.1667 og budde der. Jacob hadde barna:

Henrik, d.1719, neste eigar

Jacob d.1741, seinare eigar

Henrik Schmidt var sorenskrivar frå 1688 til 1719. Henrik var gift med Marie Glad 1687-1705 dotter til Hans Knutsen Glad 1645-1710. Utanom tvillingar som døyde saman med mora i barselseng hadde Henrik og Marie 1 barn:

Hans Jacob Smith 1704-1732, neste eigar

Hans Jacob Smith arva faren i 1719, onkelen Jacob styrde til Hans Jacob var myndig i 1729. I 1731 budde Hans Jacob Schmidt på Rognstad på Toten. Hans Jacob hadde 1 barn:

Anna Maria, g.m. Baltzer Christian Hageman

Jacob Jacobsen Smith kjøpte i 1731 Sunde 3 huder og Hagen 1 hud frå brorsonen for 1450 rd. Jacob var gift med Anna Sophie Munch 1712-1761 dotter til presten Anders Munch 1668-1737 og Else Cathrine Stockfleth 1672-1757. Anna Sophie vart gift på nytt med sorenskrivar Carsten Hauritz d.1761. Jacob og Anne Sophie hadde 1 barn:

Else Christine Smith

Som enkje selde og skjøta Anna Sophie i 1741 nördre Sunde 3 huder og Hagen 1 hud til Anders Jacobsen Øy for 1450 rd. Anders Jacobsen f.ca.1688 d.1777 var truleg frå Austrem nordstugu son til Jakob Endresen Austrem f.ca.1645 og Randi Knutsdtr. Råstad s. Anders var gift med Torø Larsdtr. Øy nedre u. dotter til Lars Øy og Marit Ellefsdtr. Torø var tidlegare gift med Johannes Larsen Bolstad d.1719 og dei dreiv Haugøy. Torø og Anders dreiv Haugøy fram til 1740 da sonen hennar Lars f.ca.1717 d. 1802 overtok. Anders og Torø hadde 3 barn:

Johannes 1723-1808, neste brukar

Randi 1724-1805, g.m. Ole Olsen Raastad 1715-1797

Marit f.ca.1725 d.1818, g.m. Iver Jonsen Blessum s. f.ca.1709 d.1762

Johannes overtok ved skifte i 1748, han var gift med Gunhild Tjøstelsdotter Kleppe s. f.ca.1728 d.1814 dotter til Tjøstol Jonsen Kleppe s. 1695-1765 og Ingebjørg Jonsdtr. Helle f.ca.1700 d.ca.1738. Johannes og Gunhild hadde 4 barn:

Anders 1758-1828, neste brukar

Torø 1762-1763

Torø 1767-1862, g.m. Peder Pedersen Horgen f.ca.1758 d.1851

Imbiør 1770-1856, g.m. Øystein Eriksen Kvarberg u 1768-1834

Anders Johannesen overtok truleg ved skifte i 1788, utbetaling av arv til systrene skjedde i 1796. Anders Johannesen var gift med Aase Olsdotter Raastad s 1751-1815 dotter til Ola Olsen Raastad 1715-1797 og Randi Andersdtr. Sunde 1724-1805. Etter at Anders hadde overdrege Sunde til sonen, leigde han frå 1818 systugu Austrem av sonen. Anders og Aase hadde 2 barn:

Johannes 1782-1820, neste brukar

Ragnhild 1786-1864, g.m. Hans Eriksen Helle 1786-1831, g.2.m. Pål Olsen Slette f.1787

I 1809 selde og skjøta Anders garden Sunde 3 huder og Hagen 1 hud til sonen Johannes Andersen for 900 rd. Johannes var gift med Mari Pålsdotter Holbø 1784-1857 dotter til Pål Hansen Holbø s. og Kari Andersdr. Austrem s f.1749. Johannes og Mari overtok også systugu Austrem i 1809. Johannes og Mari hadde 3 barn:

Anders 1812-1866, neste brukar

Kari 1814-1836, g.m. Iver Olsen Viste 1813-1854

Amund 1818-1856, g.m. Mari Pålsdr. Valbjør 1821-1850, på Austrem s.

I 1841 var det skjøte frå Mari Paulsdotter Sunde til sonen Anders Johannesen på Sunde 3 huder og Hagen 1 hud for 400 spd. Anders vart 1837 gift med Ragnhild Pedersdotter Horgen 1803-1903 dotter til Peder Pedersen Horgen f.ca.1758 d.1851 og Torø Johannesdr. Sunde 1767-1862.

I 1864 var det skjøte frå Anders Johannessen til Johannes Amundsen Østrem for 2000 spd. Johannes 1847-1917 var son til Amund Johannesen Sunde Austrem 1818-1856 og Mari Pålsdr. Valbjør 1821-1850 og overtok dermed etter onkelen. Johannes var gift med Guri Olsdr. Veggum n. 1941-1908 dotter til Ole Syversen Veggum 1814-1888 og Rønnaug Hansdr. Raastad s 1818-1908. Frå 1857 til 1876 var Johannes også eigar av Austrem s. Johannes og Guri hadde 5 barn:

Mari 1867-1874

Rønnaug 1869-1968, g.m. Knut Olsen Hammer 1868-1952

Amund 1871-1959, g.m. Anne Knutsdr. Bersvendstuen 1895-1992

Mari 1874-1891

Ole 1885-1970, g.m. Mari Øisteinsdr. Bolstad f.1881

I 1878 var det auksjonsskjøte til sparebankkasserar Paul Frisvold for kr 13000.

I 1881 var det odelsløyingskjøte frå P Frisvold til Iver P Faugstad for kr 12600. Iver frå oppigard Faukstad var son til Peder Pedersen Horgen n. 1808-1906 og Mari Steinarsdr. Faukstad u. 1810-1890, bestemor til Iver var dermed Torø Johannesdr. Sunde 1767-1862 som var gift til Horgen. Iver delte i 1889 frå ein skogteig gnr. 141 bnr. 2 som vart seld til Sve for kr 2200. Frå 1900 var Iver brukar av Kruke. Iver var gift med Anne Knutsdotter Skåden, Nord-Fron 1855-1887. Iver og Anne hadde 7 barn:

Peder f.1879

Anna f.1879, g.m. Svend S Hagestuen f.1890

Ragnhild f.1881

Anders f.1882, g.m. Marit Østensdr. Sunde f.1882. Eigar og brukar av Kruke til 1920.

Knut f.1884, til Amerika

Gunhild f.1886

Arne f.1887

Iver vart gift på nytt med Guri Gundersdotter Skinnset 1861-1933, dei hadde 5 barn:

Borghild f.1894, g.m. Olav Listad, Sør-Fron 1891-1962

Anne f.1895, g.m. Torvald J Kagrud

Peder 1898-1978, til Amerika, seinare Oslo

Guri f.1900, g.m. Johannes Alfred Elvestad, Tretten f.1899  
Torger 1902-1995, g.m. Lydia 1903-1996

I 1893 var det skjøte på Sunde frå Iver Faukstad til Østen Olsen Rostad for kr 18000. Om lag samtidig kjøpte Iver Faukstad garden Rostad i Lom som Østen hadde drivi før. Sunde slåtteland vart i 1896 frådelt frå Vågå prestgard som gnr. 66 bnr. 20 og seld til Østen Rostad for kr 5800. Østen delte i 1898 frå ein skogteig gnr. 141 bnr. 3 som vart seld til Klones for kr 7000. Østen Rostad vart 1881 gift med Mari Hallvorsdotter sygard Galde, Lom f.1857, dei hadde 9 barn:

Marit 1881-1881

Marit f.1882, g.m. Anders Iversen Sunde f.1882

Anne 1884-1918, g.m. Anton Amundsen Kluften f.1885, på Skogstad

Ola f.1887, neste brukar

Halvard f.1889, til Amerika

Rønnaug f.1891, g.m. Gudbrand Kveen Vaberg f.1879

Maria 1893-1949, g.m. Melchior Fjøsne 1881-1922, til Svenstad

Anna f.1895, g.m. Jo Brun

John f.1898

Ola Sunde fekk i 1924 skjøte frå faren på Sunde gnr. 142 bnr. 1 for kr 14000 inkl. lausøre kr 2000.

Erland Berge 1907-1992 kjøpte nordgard Sunde i 1946. Erland son til Syver Berge og Ingeborg Lundh vart 1938 gift med Ragnhild Bu, Lom 1917-1975. Erland og Ragnhild hadde 4 barn:

Syver f.1939, neste brukar

Tor f.1939, g.m. Kari Holt

Ingeborg f.1946, g.m. Jan Båtnes

Liv f.1955, g.m. Svein Stensrud

Syver overtok etter faren i 1975. Syver vart 1964 gift med Liv Rustad, Fåberg f.1940 dotter til Thorleif Rustad f.1914 og Anne Krokrud f.1913. Syver og Liv har 1 barn:

Erland f.1976, neste brukar

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom, slekten på Kleppe

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Arnfinn Engen, 2012: Gards- og slektshistorie for Heidal, bind 2

Jon Kolden, 2002: Bygdabok for Lom 2

## Skogstad

Skogstad gnr. 141 bnr. 4 vart frådelt frå nordgard Sunde gnr. 141 bnr. 1 i 1915 med skjøte frå Østen Rostad til Anton Amundsen Kluften for kr 3000,-. Anton 1885-1951 var son til Amund Flaten og Anne Austrem. Anton overtok frå svigerfaren, han vart 1910 gift med Anne Østensdotter Sunde 1884-1918 dotter til Østen Rostad og Mari Hallvorsdtr. Galde f.1857.

Anton og Anne hadde 3 barn:

Einar f.1907

Astrid f.1911

Asbjørn f.1914

Anton vart 1919 gift på nytt med Kari Paulsdotter Flatum 1896-1958, dei hadde 3 barn:

Magne 1919-1980, neste brukar

Alvin

Anne

Magne overtok i 1958, han vart 1948 gift med Astrid Ruth Johnsfård, Skjåk dotter til Jo Johnsgård og Torø Hove. Magne og Astrid hadde 4 barn:

Kari Torhild f.1948, g.m. Harald Moen

Anna Jorunn f.1951, sbm. Knut Bergsvendstuen

Asle f.1959

Elin f.1961, g.m. Arne Martin Solheim

Kåre f.1966, neste brukar

Kåre overtok i 1966, han er samuar med Åse Letrud, Sel f.1965, dotter til Ola Letrud f.1939 og Mariann Myrbakken, Rena f.1946. Kåre og Åse har 1 barn:

Johanne f.1995

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Sunde sygard, gnr. 66 bnr. 13

Husfrue Gjertrud Pålsdotter gav på 1400-talet søre Sunde til preste på Ullensøn i Vågå.

Jordebok førde ca. 1576 opp at Sunde var avlsgard under prestbolet og dermed ikkje oppført i landskylda. Også landkommisjonen 1661 nemnde at Sunde vart brukt som avlsgard under prestgarden.

I 1758 sette Mads Borchsenius husa sine på søre Sunde og alt lausøyre i pant for eit lån på 70 rd. Mads Johannesen Borchsenius 1714-1776 var frå Sal i Danmark og kom til Vågå i 1736 som huslærer til presten Anders Munch. Frå 1744 til 1776 var Mads klokkar og fekk da bruksrett til sygard Sunde som var avlsgard for prestgarden. Mads vart 1746 gift med Ingeborg Olsdotter Sund 1718-1782 frå garden Sund i Levanger. Mads og Ingeborg hadde 5 barn:

Maria f.1747, ugift på Sunde i 1801

Berit 1748-1749

Johannes 1754-1754

Berte/Berit 1752-1830, neste brukar

Johannes 1757-1760

Husmann Syver Olsen og hustru Berit Madsdotter Borcksenius var i 1814 gamle og skrøpelege og kunne ikkje lenger bruke plassen Sunde under Vågå prestgard. Syver f.ca.1757 d.1834 og Berte hadde 1 barn:

Mads f.1792 d.ca.1836, neste brukar

Mads Syversen overtok plassen Sunde i 1814. Mads var gift med Gunild Thoresdotter d.1833. Dei hadde 2 barn:

Berte f.1815, neste brukar

Kari, seinare brukar

Berte var gift med Christoffer Syversen Sande 1808-1868 son til Syver Eriksen Kvarberg u. 1769-1825 og Marit Knutsdr. Sande 1771-1839. I 1838 bortforpakta Christoffer Syvertsen sin tilbygsla plass til sorenskrivar Berbm. I 1839 og 1840 var det rettsleg forlik om at Christoffer Sunde skulle betale det han skulda til Kari Madsdotter Sunde for skifte etter Mads Sunde. Christoffer og Berte hadde 2 barn:

Marit 1836-1929, med Hans Johannessen Garset, Biri hadde ho Johan Sundt 1859-1918

Syver 1850-1931, g.m. Brit Kristensdr. Granrud 1852-1923

I 1865 og 1875 var enkjemann Ole Olsen f.ca.1820 husmann med jord på sygard Sunde. Ole var frå Kverhushaugen under Stokstad son til Ole Larsen Stokstad f.ca.1791 og Anne Eriksdr. Skjedsvoll n. f.ca.1790 d.1871. Ole vart 1851 gift med Kari Madsdotter Sunde s. Ole og Kari hadde 2 barn:

Ole f.ca.1851

Gudbrand f.ca.1854, neste brukar

Sy gard Sunde gnr. 66 bnr. 13 vart frådelt frå prestgarden i 1892 med skjøte i 1893 til Gulbrand Sunde for kr 1540 samt føderåd til Berthe Madsdotter. I 1900 var Gulbrand Olsen gardbrukar på sygard Sunde, han var gift med Kari Tostensdotter Haugen n. f.1853 dotter til Tosten Jakobsen Haugen 1821-1896 og Anne Poulsdr. Sanden/Skaaraeie f.ca.1822 d.1885. Gulbrand og Kari hadde 1 barn:

Ole f.1894, neste brukar

Ola overtok etter faren med skjøte i 1923 for kr 5000. Ola vart 1926 gift med Inga Øygaard.

Ola og Inga hadde 1 barn:

Klara 1926-1993

I 1969 vart Sunde skjøta over frå Ola G Sunde til dottera Klara.

Sygaard Sunde gnr. 66 bnr. 13 vart seld som tilleggsjord til Smedsmo gnr. 65 bnr. 1 i 1982, tunet vart da frådelt som Sundjord gnr. 66 bnr. 176.

Sunde slåtteland vart i 1896 frådelt frå Vågå prestgard som gnr. 66 bnr. 20 og seld til Østen Rostad for kr 5800, dette var arealet nedanfor vegen.

Frå prestgarden gnr. 66 bnr. 1 vart frådelt Høistad bnr. 17 i 1894, nørde Gjeilen bnr. 26 i 1903, øvre Steinen bnr. 27 i 1903, Haugen bnr. 28 i 1904 og øvre Kveen bnr. 42 i 1918, nedre Kveen bnr. 29 i 1904, Hågå bnr. 36 i 1913, Hagen bnr. 40 og Olstad bnr. 41 i 1916, Runningen bnr. 44 i 1920, Prestrunningen bnr. 55 i 1932 og søre Gjeilen/Trædet bnr. 80 i 1949.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Kvarberg u. m/Sande

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Martinus Høgåsen: notat om Ruste (Kleivruste)

Gunnar Ottosen, Jutulen 2014: Klokkere i Vågå

## Sundlien (Skottlien), gnr. 142

Koppskatten 1645, manntalet 1666 og matrikkelen 1668 viser at Morten Madsen f.ca.1596 var brukar av 2 huder. Garden tilhørde prestbolet. I 1645 var det også ein brukar til som heitte Peder. Skifte i 1660 viser at Morten var gift med Marit Johannesdotter d.ca.1660, ho hadde 5 sysken: Marit, Andbjør, Mari, Guri og Kari Johannesdøtre.

Skoskatten 1711 nemnde Hans Christophersen og to barn, han vart også nemnd som brukar av to huder i matrikkelutkastet 1723. Prestbolet var fortsett eigar. Hans Christophersen 1678-1744 var klokkar frå 1710 til 1742, han var son til Christopher Hansen som var klokkar frå 1680 til 1709 og budde i Klokkargarden. Hans brukte Klokkargarden fram til 1717, men fekk også bygsel på den garden i 1725. I 1726 kjøpte han nordgard Holbø. Hans var gift med Kari Einersdotter Sør-Sandbu.

Ved skifte i 1737 vart det nemnd ein Rasmus Poulsen Klokkergaarden Sundlien, han hadde 1 barn:

Rønnoug f.ca.1720

I 1745 fekk Ener Hammer f.ca.1716 d.1801 bygsel på Klokkargarden som Hans Christophersen tidlegare hadde brukt og tok også i bruk Sundlien. Ener var frå oppigard Håmår og var son til Michel Guttormsen og Ingrid Enersdr. Som enkjemann vart Ener i 1746 gift med Mali Christensdotter Aasaaren f.ca.1711 d.1795 dotter til Christen Eliassen Lunde/Aasaaren 1666-1739 og Ragnhild Olsdr. Skårå d.ca.1718. Ener og Mali hadde 4 barn:

Dorthe 1747-1747

Dorthe f.1748, seinare brukar

Ragnhild f.1750, g.m. Iver Hansen n. Strand 1752-1779, g.2.m. Martin Hansen 1747-1822.

Til Svendstad.

Ingri 1752-1754

I 1752 overtok Peder Nielsen bygselen av Sundlien 2 huder, Ener Michelsen skulle ha att plassen Steenen.

I 1755 sa Peder Nielsen frå seg bygselen. Presten Johan Storm bygsla bort Sundlien til Anders Michelsen f.ca.1718 d.1755. Anders var bror til Ener Michelsen som overtok bygselen att i 1756.

Dorthe var gift med Christen Olsen, dei fekk i 1786 bygsel på levetid frå presten på Sundlien 2 huder. Christen overtok samtidig bygselen av Klokkargarden. Ener Michelsen og Mali Christensdotter vart da nemnde som Klokkargarden og skulle ha føderåd av Klokkargarden og Sundlien. I 1801 var Christen og Dorthe husmenn under Sundlien. Christen og Dorthe hadde 2 barn:

Ener 1786-1869, g.m. anne Ingebrigtsdr. Sønstlien 1791-1852, til Steinen

Mali f.1787

I 1791 bygsla presten bort Sundlien 2 huder til lensmann Lars Jarmand 1740-1793 og hustru. Men det var eit vilkår at han strak skulle fråvike garden viss den skulle bli utlagt til officersbustad. I 1793 var det kontrakt mellom enkja Karen Margrete Jarmand og Ener Michelsen om føderådsvilkåra. Jarman og familien var eigarar av Uleberg.

I 1795 godkjende presten at madam Jarmand bygsla bort Sundlien til Jacob Pedersen Bustad.

Sundlien var ei tid såkalla sjefsgard og vart nemnd som det i 1791, Brattland skulle overta som sjefsgard frå 1803 men vart ikkje ledig før i 1812. I 1801 var brukar i Sundlien kompanisjef Blix. Blix var sjef i Vågske komani 1797-1803, før dette var Blix i Snåsa og på Skjælland, og etterpå var han i Enebakk. Steen Gustav Blix, Aamodt 1765-1839 son til oberstløytnant Johan Frideric Blix vart 1795 gift med Maren Dorthea Hammer, Toten 1769-1828. Dei hadde 5 barn:

Juliane Theoiara Christine f.1794

Johan Fridrich f.1796

Maren Dorthea f.1799

Andreas Caspar f.1801



Sten Gustav f.1802

I artikkel om offiserar i Vågå står det at Ulrich Freiderich Storm Abelstad bygsla plassen Wolden under Øy. Abelstad var kaptein i Vågske komani frå 1803, han døydde i 1808 på Volden. I 1807 går det fram at kaptein Abelstad hadde Sundlien. Før Vågå var han i Danmark, Fron, Hedmark og Ullensaker, i 1801 budde familien i Løten. Ulrich Freiderich Storm Abelstad, Nittedal 1759-1808 var son til major Hans Abelstad og Sofie Magdalena Storm. Abelstad vart 1788 gift med Anne Maria Finckenhagen, Brevik 1763-1839 dotter til prest i Slidre Niels Finckenhagen og Christine Lund. Ulrich og Anne Marie hadde 8 barn, bl.a.:

Christiane Sophie 1788-1854, g.m. Johan Cornisch Heyerdahl g.2.m. Christian O Haukebøl  
Hedevig Nicolaia 1790-1872 g.m. Niels Gran

Louise Maria 1792-1793

Hans Christian 1793-1846 g.m. Margrethe Akermand, g.2.m. Marha Anne Einarsdotter  
Uldricha f.ca.1800

Johan Henrik 1802-1841 g.m. Olea Due

I 1807 gjorde kaptein Abelstad avtale med Hans Knudsen Hagen om at han skulle bruke Sundlien saman med Abelstad. Avtala skulle opphøyre når Brattland vart ledig som sjefsgard.

Sorenskrivar Bjerregaard fekk bygsel frå presten Wang på Sundlien 2 huder i 1813. I 1824 fekk Bjerregaard kongeskjøte på Sundlien 2 huder for 600 spd. Mads Bjerregaard f.ca.1763 d.1831 var gift med Alet Ørtlein f.ca.1761 d.1846. Mads og Alet hadde 3 barn:

Henrich Ancher 1792-1860

Anne Marie 1793-1878, g.m. Andreas Molbech Lundh 1787-1867

Kirstine Margrethe 1797-1882, neste eigar

I 1831 var det skjøte på Sundlien 2 huder til premierløytnant Ziegler for 450 spd., han overtok etter svigerforeldra. Ulrich Reinholdt Ziegler, Halden 1791-1854 var son til cancellierråd i Fredrikshald Henrich Ziegler og Dorthea Maria Blix Heiberg. Ziegler løytnant og kaptein i Vågske komani ca. 1819 til 1837, etter dette var han i Gausdal, Vang og Halden. Ziegler vart 1819 gift med Cristine Margrethe Bjerregaard 1797-1882, dei hadde 6 barn:

Jacobine f.1819

Mads Henrik Bjerregaard f.1821

Niels Albert f.1825

Alethe Dorothea f.1828

Henrik f.1831

Hermana Henriette f.1835

Ziegler skreiv i 1835 ut ein pantobligasjon til lensmann Walle på Fellese, og året etter i 1836 vart Sundlien 2 huder skjøta over frå Ziegler til lensmann Walle for 750 spd.

Folketeljinga 1865 og 1875 viser at Sundlien vart drivi som underbruk under Fellese. Men det var likevel to husmannplassar der. I søre Skotlien var Gudbrand Olsen husmann med jord i 1865, i 1875 utan jord. Guldrand Olsen Uleberg f.ca.1803 son til Ole Pedersen vart 1829 gift

med Ingri Thorsdotter Snerleeie f.ca.1799 d.1864 dotter til Thor Ingebrectsen. Familien vart nemnd i Skotlien frå 1836. Guldbland og Ingri hadde 4 barn:

Anne f.1829  
Eli f.1832  
Ole f.1836  
Thor f.1843

I nørdrre Skotlien var Iver Eriksen husmann med jord i 1865 og 1875. Iver Eriksen Sveeiet f.ca.1804 son til Erich Sveeiet vart 1830 gift med enkja Kari Pedersdotter Øiseiet f.ca. 1802 dotter til Peder Øiseiet. Familien var ved barnefødsjar husmenn på Øygarden/øiseie. Iver og Kari hadde 5 barn:

Marit f.1831  
Peder f.1833  
John f.1834  
Anne f.1837  
Kari f.1840

I 1876 var Sundlien delt i to like delar, nørdrre Skottlien og sørre Skottlien. Nørdrre Skottlien vart overført i 1879 frå lensmann Valle til svigeronen Ole O Lunde på Søre for kr 1200. Lie gnr. 142 bnr. 6 vart frådelt frå nørdrre Skottlien i 1914 med skjøte til Hans Bjørgen for kr 2000, dette utgjorde dyrkajorda mv. mellom sørre Skottlien og hamnlykkja til prestgarden og vart frådelt til eit eige bruk. Men i 1918 var det skjøte på Lie frå Hans Bjørgen til Paul H Sørlien for kr 2400, dermed kom Lie saman med sørre Skottlien. Nørdrre Steinen gnr. 142 bnr. 7 vart frådelt frå nørdrre Skottlien i 1915 og sørre Steinen gnr. 142 bnr. 17 i 1921, medan fleire skogteigar vart frådelt og selde i 1918. Nørdrre Skottlien gnr. 142 bnr. 1 har følgd etterkomarane til Ole Lunde på Søre, dette gjeld også skog som var att etter frådelingane frå 1914 til 1921.

Sørre Skottlien vart i 1877 overført frå lensmann Valle til sonen Ole Valle. Flatum gnr. 142 bnr. 3 vart frådelt frå sørre Skottlien i 1902, medan skogen gnr. 142 bnr. 4 vart frådelt i 1908. Sagfører Paul N Olsen kjøpte skogen i 1917. Myhre/Granli gnr. 142 bnr. 23 vart frådelt frå skogen gnr. 142 bnr. 4 i 1936. Dikka Olsens arvingar selde attverande skog gnr. 142 bnr. 4 til Vågå kommune i 1947 som selde vidare til Hans Kveen i 1948.

I 1900 leigde Ole Valle bort dyrkajorda i sørre Skottlien til Nils Hansen Odden, og han fekk i 1908 skjøte frå Kari Valle for kr 2000. Nils 1866-1911 var son til Hans Olsen Visdal Odden 1842-1924 og Ragnhild Nilsdtr. Råstadeie 1843-1916. Nils var gift med Gunhild Olsdtr. Kvernhusaugen 1878-1957 dotter til Ole Larsen Kvernhusaugen f.ca.1849 d.1928 og Ragnhild Torsdtr. Haugen Sandbueie 1854-1948.

I 1914 var det skjøte på sørre Skottlien gnr. 142 bnr. 2 frå Nils H Oddens enkje Gunhild Olsdotter Odden vedtekje av Hans O Odden som Nils Oddens einaste arving, til Paul Hansen Sørlien for kr 3350. Pål Sørlien f.1882 var son til Hans Olsen Sørlien f.ca.1841 og Kjersti

Larsdr. Rottenseie f.ca.1841. Pål vart 1902 gift med Ragnhild Johansdotter Sundhagen ø f.1878 dotter til Johannes Jakobsen Sundhagen 1845-1912, dei hadde 3 barn:

Hans f.1902

Johannes f.1903

Anna f.1915, g.m. Arne Heggero f.1912

I 1927 var det skjøte på Skottlien gnr. 142 bnr. 2 og Lie bnr. 6 frå Paal H Sørlien/Skottlien til Engebret J Sagsletten for kr 11000 inkl. lausøyre. Engebret 1883-1970 var gift og hadde 1 barn fødd i Amerika:

Erling 1913-2001

Engebret vart 1921 gift på nytt med Ragnhild Myrum 1894-1981, dei hadde 6 barn:

Marit f.1919, g.m. Magnar Renå

Marie f.1922, g.m. Andreas Pedersen Arnøygard 1901-1981

Jakob f.1924, neste brukar

Ola f.1925, g.m. Randi Brun

Ivar f.1934, g.m. Ruth Irene Hølmo

Ragnhild f.1937, g.m. Ola Skamsar

Jakob overtok i 1959, han vart 1955 gift med Marit Julie Sønsteng f.1937 dotter til Per Sønseng f.1905 og Ingrid Storvik f.1908. Jakob og Marit har 2 barn:

Randi Irene f.1956

Emil f.1965, neste eigar

Emil overtok i 1995.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen, Jutulen 2017: Offiserer nevnt/bosatt i Vågå 1625-1882

Paul Brun, Gudbrand 2-2022: Imbjør Hansdatter

## Granli – Myhre

Søre Skottlien vart i 1877 overført frå lensmann Valle til sonen Ole Valle. Flatum gnr. 142 bnr. 3 vart frådelt frå søre Skottlien i 1902, medan skogen gnr. 142 bnr. 4 vart frådelt i 1908. Sagførar Paul N Olsen kjøpte skogen i 1917. Myhre/Granli gnr. 142 bnr. 23 samt bnr. 24 Vetahaug vart frådelt frå skogen gnr. 142 bnr. 4 i 1936. Dikka Olsens arvingar selde attverande skog gnr. 142 bnr. 4 til Vågå kommune i 1947. Gnr. 142 bnr. 28 Granliteigen vart frådelt i 1947, attverande bnr. 4 vart seld til Hans Kveen i 1948.

I 1937 var det skjøte på gnr. 142 bnr. 23 frå Dikka Olsen til Østen Hølmo for kr 3500,-. Enkja Ingeborg Hølmo sat i uskifta bu frå 1942. Østen Hølmo 1876-1941 var son til Else Hølmo 1855-1878 og Ola Hagen. Østen var gift med Ingeborg Preststulen 1891-1970, desse var dei fyrste på Granli. Østen og Ingeborg hadde 6 barn:

- Ola f.1919, neste brukar
- Marit f.1920, g.m. Reidar Teige
- Sigurd 1923-1995, g.m. Astrid Groven
- Hans f.1924, g.m. Alma Stubberud
- Einar f.1929, g.m. Gunhild Synslien
- Inga Elise f.1934, g.m. Otto Lykken

I 1947 var det skjøte på gnr. 142 bnr. 23 frå Ingeborg Hølmo til sonen Ola Ø Hølmo f.1919. Ola fekk i 1948 skjøte frå kommunen på gnr. 142 bnr. 28 Granliteigen for kr 1600,-. I 1987 vart det tinglyst fråsegn om at Ola Hølmo hadde hjemmel til Vetahaug gnr. 142 bnr. 24. Ola vart 1944 gift med Ragna Bilben, Heidal f.1911 dei hadde 1 barn:

- Øistein f.1944, neste generasjon

Øystein er gift med Lillian Opheim f.1947, dei har 2 barn:

- Ole Roger f.1964, neste brukar
- Ken Espen f.1970

Ole Roger Hølmo f.1964 fekk skjøte frå besteforeldra i 1987 på bnr. 23, 24 og 28. Ole Roger er sambuar med Kari Bergdølmo f.1965 dotter til Odvar Bergdølmo, Heifal f.1942 og Astrid Eide f.1941. Ole Roger og Kari har 2 barn:

- Ragnhild f.1990
- Ingvild f.1993

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.